



Masfjorden kommune
Teknisk, miljø og landbruk

BERGEN OG HORDALAND TURLAG

Tverrg 4-6
5017 BERGEN

Dykkar referanse	Vår referanse	Sakshandsamar	Dato
	2026/1060 - 2	Ottar Myrtveit	03.06.2026

Teknisk utval, delegert saksnummer

Melding om delegert vedtak - Søknad om landingsløyve for
helikoptertransport - frå Kvingedalen til turlagshytta Kalvedalen i Alver
kommune

Vi syner til søknad motteke den 02.06.2026. Dersom du er part i saka med klagerett vil du
også få vedlagt saksutgreiinga.

Administrativt vedtak. Saknr:

Masfjorden kommune gjev Bergen og Hordaland Turlag v/Per Arne Aadland landingsløyve til
Kalvedalshytta i samband med forsyningar av proviant, ved, gass og anna naudsynt utstyr til
turlagshyttene på desse vilkår:

- Løyvet gjeld for tur og retur i perioden frå: **01.06. – 30.06.2026-2028**
- Løyvet skal vere med i fartøyet under oppdrag.
- Gjeld inntil 10 hiv.
- Masfjorden kommune skal ha melding om endeleg dato for flyginga når dette er fastsett.
- Airlift skal varslast om vedtaket.

Flyginga går frå Kvingedalen.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn

Me syner til søknad om landingsløyve med helikopter datert 29.05.2026, frå Bergen og Hordaland Turlag v/Per Arne Aadland. Det vert søkt om landingsløyve for helikopter begrensa til Kalvedalshytta i juni månad for 2026-2028.. Ein vil nytta Airlift til transporten. Søknaden gjeld inntil 10 hiv med diverse materiell for drift av turlagshyttene.

2. Uttale

Søknaden må handsamast etter lov om motorferdsel i utmark § 6 "Når særlige grunner foreligger, kan kommunen gi tillatelse til bruk av motorfartøy eller luftfartøy som ellers ikke kan finne sted etter denne lov eller med hjemmel i loven. Tillatelse etter første ledd kan gis for bestemte høve eller for bestemt tidsrom. Kommunen kan sette vilkår for tillatelsen." Masfjorden kommune har som praksis å gje løyve til helikoptertransport ved bygging/vedlikehald av hytte/stølshus når avstandane er store, og det er vanskeleg med andre løysingar. Andre løysingar enn helikopter er eit alternativ men vil vere vanskeleg. Det aktuelle området sine naturverdiar, og for viltet skal ein og ta omsyn. Ein har likevel ikkje kjennskap til informasjon som tilseier at landing i dette tilfellet får uheldige konsekvensar for dyreliv og biologisk mangfald. Kommunen meiner at det føreligg ein særleg grunn, jf. § 6 i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. Aktuelle berørte grunneigarar skal varslast om vedtaket. Søkjar er ansvarleg for at landingsplassen er forsvarleg avstengt og sikra for utanforståande.

3. Fakta

Turlagshyttene det skal fraktast til er eksisterande hytter som treng årleg påfyll av turvande utstyr/proviant. Omsøkt datoar er første eller andre helga i juni, men vert gjeldande frå: 01.06. – 30.06. då været kan vera ulageleg for flyging. Vedtaket vil vera gjeldande frå 2026 – 2028.

4. Vurdering

Kommunen godkjenner søknaden. Med dei hensyn som går fram av vedtaket og i uttalen vil vedtaket vera i tråd med gjeldande regelverk som er nytta.

5. Konklusjon

Løyvet blir godkjent med dei vilkår som går fram av vedtaket

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28 – 36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er sendt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar du ønsker.

Med helsing

Ottar Myrtveit

landbruksrettleiar

Roald Kvingedal

teknisk sjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ikkje handskriven signatur

Bruk gjerne [eDialog](#) for å svare oss på dette brevet. Oppgi dette referansenummer 2026/1060 i klagen. Les meir om eDialog på [på vår heimeside](#).

